

## NORSK MÅLREISING - KAMP MELLOM TO VEGAR

*«landsmålet ville verta ei lyftestong for det store arbeidande norske folk»*

(Gustav Indrebø)

*I brodden for den norske arbeidarklassen må arbeidarpartiet AKP(m-l) djervt velje den revolusjonære linja for norsk målreising. Den proletære revolusjonen må gjennomføre den oppgåva den borgarlege revolusjonen sette opp, men ikkje fullførte: Full oppreising for det norske målet.*

## NORSK MÅLREISING - KAMP MELLOM TO VEGAR

Meininga med denne utgreiinga er å drive fram diskusjonen om kva linje partiet åt arbeidarklassen og heile kommunistrørsla skal velje andsynes målproblemet her til lands. Altså: ikkje om kommunistane skal ha ei venleg haldning til målrørsla eller ikkje, men kva politikk partiet sjølv skal stå for i målstriden, ikkje om partiet skal stø rettferdskrava om lærebøker for nynorskelevane, men om partiet skal stø nynorsk eller bokmål (eller begge delar). Dette krev at vi granskar det norske målproblemet ut frå synsstaden til arbeidarklassen, og ser pi ovringa som ein bundel med motseiingar, det vil seie bruker dialektisk metode. - Den ideologiske og politiske linja, om ho er rett eller galen, avgjer alt, seier Mao Tse-Tung.

Når arbeidarklassen no skal stake ut ein kurs i målspørsmålet, treng han og sjå etter korleis kampen mellom linjene har ytra seg i målsoga før. I tidbolken for den proletære revolusjonen er det einast arbeidarklassen som heilt fylgjestrengt søker sanninga og torer å sjå ho i augo. Just fordi denne klassen er den mest framstegsvenlege, har størst trong om sanninga. Såleis er oppgåva eigentleg å analysere dei norske språktilhøva rett, gje ei rett atterspegling av det objektive måltilstandet i landet vårt, og forme ut linja på grunnlag av det. For å gjere dette treng vi å saumfare dei ulike tankestemnene som har kjempa for målreisinga, for å skilje mellom rett og gale. Då skal vi vere klåre over at det slett ikkje alltid har vore dei som har briske seg mest med «marxistiske» frasar, som har stått for det rette. Vi må trengje gjennom skodda anten ho er spreidd av borgarlege eller såkalla «sosialistiske» åndshøvdingar. Målreisingssoga gjev oss mykje tilfang til å auke medvitet om kampen mellom del to linjene, og mellom ekte og falsk marxisme, om klassekampen i overbyggnaden. Denne framstillinga kjem ikkje til å stette alle krava til ei historisk utgreiing, sjølv om ho tek for seg historia. Eg kan nemleg berre rekne med å få fram nokre av dei viktigaste tendensane som har ovra seg, ikkje alle. Og dei ulike syna skal heller ikkje analyserast i detalj, berre i grove trekk. Både målreisingssoga og språktilhøva i dag lyt granskast nøye av kommunistar, og der står mykje att. Likevel trur eg vi veit nok til at vi no kan forme ut linja til arbeidarklassen, dvs. linja til AKP(m-l).

Der del er undertrykking, er det motstand, seier Mao Tse Tung. Og det finst vitnemål om at det var freistnader på å verje det norske målet mot det danske inntrengjarmålet i heile dansketida. Men berre veikt og spridd, sjølv sagt. Målreising i eigentleg forstand er noko som historisk er knytt til dei borgarlege revolusjonane. Det kom opp saman med kravet om a fjerne føydale hindringar for innanlands varebyte, og kravet om nasjonal sjølvraderett, utskiljing av nasjonalstatar. Såleis var det midt i den tjukkaste borgarlege revolusjonen at norsk målreising sag dagens lys. Noreg er heller ikkje eineståande i det at problemet med målreisinga vart ståande uløyst etter at borgarskapet hadde gjort sitt, utspela si progressive historiske rolls, og at proletariatet laut arve problemet. Det kan vere verdt å merke seg at eitt og same problem kan reise seg for ulike, og antagonistiske, klassar. Ut frå heilt ulike utgangspunkt, og heilt skilde interesser tek dei stilling. (Ta dømet med sjølvrådet: spørsmålet alle klassar i Noreg står andsynes er om avgjerder som vedkjem landet skal takast innanfor våre landegrenser. Monopol- og storborgarskapet seier klart nei. Arbeidarklassen seier ja. Mellom dei to standpunkta ligg del ein avgrunn: klasseinteresser som ikkje kan sameinast). Det kan

vere greitt å dele målreisings saga i to delar: tidbolken for den borgarlege revolusjonen og tidbolken for den proletære revolusjonen.

## 1. TIDBOLKEN FOR DEN BORGARLEGE REVOLUSJONEN

Eitt høgdepunkt i den borgarlege revolusjonen i Noreg var lausrivinga frå Danmark i 1814. Sluttsteinen var unionsoppløysinga i 1905. I denne tida blei vitskapen om norsk mål grunnlagd - av Ivar Aasen. Resultatet av granskinga hans var Norsk Ordbog og Norsk Grammatik. Det vitskapelege arbeidet gjekk hand i hand med framvoksteren av ei politisk linje for norsk målreising, ei linje som kom til i hard kamp mot andre tankestemner. Ivar Aasen var sjølv medviten om at hans syn laut kjempast fram. Det galdt *"at frigjøre sig fra den sterke Paavirkning af visse herskende Meninger og ikke lade sig forvilde af de forskjellige Røster, som man traf til at høre."* (Fortale til Norsk Grammatik, 1864).

### HOVUDLINJA TIL BORGARSKAPET

På Ivar Aasens tid sto det fælt skralt til med kunnskap om norske språktilhøve. Mellom dei lærde var det mange som trudde at det språket folk flest tala, var utskjemt dansk. Dei var beint fram ikkje klar over at del fanst eit norsk språk. Sume trudde at dansken var den moderne arvtakaren etter gamalnorsk, sagamålet. Jamvel nokre av dei som var klar over at norsken enno var til, hevda at det berre var tale om utdøyande restar som levde i avsides bygder, og som ikkje kunne gjere teneste som landet sitt offisielle språk, nasjonalspråk. T.d. stod dei opplyste borgarleg-revolusjonære Henrik Wergeland og Jonas Anton Hielm for denne fordomen. Dei var misnøgde med at den reine dansken som rådde, skulle kallast norsk og tala sterkt for å føre inn norske ord og sume norske former i «det almindelige Sprog», dvs. grunnlaget skulle vere dansk, det var sjølve dansken som skulle rikast opp med litt av dei opptærde skattane som fanst i «vore Dale».

Det var skilnad mellom Hielm og Wergeland. Hielm ville t.d. ha inn fleire ord frå underklassemålet i byane. Og det var strid mellom dei som elles var samde i hovudprinsippet, om kor langt ein burde gå med å ta inn tilfang frå norsken, kor mykje «Stiil» og «Smag» ein burde leggje for dagen o.dl. Frå vitskapleg hald fekk linja til Wergeland o.fl. stønad hjå Knud Knudsen, det han ville bygge på var «de dannede klasser i byen naturlige og ukunstlede dagligtale». Det var eigentleg fælt få nordmenn som kom med i denne «dannede» gruppa, språket der var dansk med norsk lyduttale.

Dei som snakka slik, var kjerne i det norske borgarskapet, og den kjernen var nesten heilt og fullt samansett av utlendingar eller ætlingar etter utlendingar. Dei utgjorde eit eige språksamfunn, ein dansk målminoritet. I same gruppa finn vi embetstandet. Alt i alt er denne målminoriteten eit ørlite mindretal, men deira danske skriftmål har status som målet åt den norske nasjonen.

Så langt kan vi slå fast at den borgarlege revolusjonen ol fram to motsette linjer for å løyse det norske språkproblemet. (Då ser eg bort i frå den heilt opne bakstrevarlinja som m.a. Welhaven stod for, nemleg å halde på dansken pur og ublanda). På den eine sida var det ei retning som ville halde på det danske inntrengjarmålet som grunnlag, men lempe det i sume stykke etter norsken, dvs. i uttale, og ta inn ein del einskildord, nokre fåe former. Denne "fornorskinga" var når det kjem til stykket ikkje anna enn ei heilt sjølvsgd og nødvendig tillemping om dansken i del heile skulle vere brukande i Noreg. Linja var såleis inga "løysing" på det norske språkproblemet, ho var berre ei passiv avspegling av endringar som var skjedd spontant med dansken i Noreg. Det var dei sentrale og sterkaste delane innanfor borgarskapet som var klassegrunnlaget for denne hovudlinja. I grunnhåttan er ho identisk med den linja som kravde rein dansk, den sistnemnde var berre meir urealistisk med di ho sette seg i mot varsam tillemping og.

## AASEN-LINJA

I kvass motseiing til norsk-dansk-linja står den stemneleia I. Aasen peika ut. Eg skal nemne opp nokre hovudpunkt i hans syn (Det er godt samanfatta i Fortale til Norsk Grammatik).

1) Det fanst eit eige norsk språk. Han seier at "ved nærmere Eftersyn vil man vel ogsaa finde, at den norske Almue kjender eller bruger Tungemaal, som har omtrent den same Lighed med Gammel Norsk son det nuværende svenske Talesprog med Gammel Svensk og det nuværende Danske med Gammel Dansk."

2) "Det norske Maal har (---) i lange Tider kun været brugt i Tale, men ikke i Skrift." Språket lever såleis berre i form av dialektar, dvs. med heller mange innbyrdes avvik, men med indre einskap i system. 3) Det "almindelige Sprog" er dansk og er brukt av eit mindretal.

4) Noreg er såleis et land der to nasjonalspråk står i motsetning til kvarandre. Det er til ulempe for stormengda av folket. "Man skulde have ventet", seier Aasen, "at et Lands Almue ikke skulde behøve at Lære mere end Landets eget Sprog, og at Landets Høvdinger ogsaa skulde lære det samme, om end de selv havde lært et andet Maal. Men i Stedet derfor blev det nu netop Almuen, som måtte lære to Sprog. I Stedet for at Byrden af Sprogenes Ulighed skulde falde paa en enkelt Stand, som netop havde den bedste Leilighed til at tænke paa slige Ting, er denne Byrde kommen til at falde paa selve Folket, paa den tusinde Gange større Almue, (--).»

På grunnlag av denne analysen gav oppgåva seg: Å reise det norske språket, gje det sin rette plass i norsk samfunnsliv, som nasjonalspråket. Ivar Aasen kalla det landsmålet (dvs. målet at landet Noreg). Dette kravde at det vart utvikla ei skrifteleg mønsterform. I det arbeidet kunne ein ikkje freiste å byggje dei to tevlande nasjonalspråka i hop i einskap, men ein måtte byggje på dei samlande drag som finst i alle norske målføre. Målføra skil seg frå kvarandre i mange småting, men einskapen er hovudsida, mangfaldet er ei underordna side. Ei slik "konstruert" mønsterform for norsk som Ivar Aasen laga, er ei attespeglings av den kjensgjerning at dei norske målføre, trass i innbyrdes ulikskap, er avbrigde av eitt og same nasjonalspråk, norsk.

## MØNSTERFORMPRINSIPPET

Eit systemdrag som skil norsk frå dansk er tre kjønn (bergensk er unntak, det står på det mellom-norske steget i dette stykket). Det kjem til uttrykk på tusen og ein ulike måtar i målføra. Skal ein ha eit skriftmål som er samlande for alle målføre, må ein velje ei form - ei mønsterform, som alle stort sett bør lempe seg etter i skrift. Ei anna linje kunne vore vald, nemleg å byggje på ein dialekt. Vi ville då like fullt fått eit skriftmål som samsvarte med norsk språkssystem, men den framgangsmåten var mindre demokratisk. Skriftmålet ville fått meir lokal-svip, mykje av tilfanget som finst i dei andre dialektane, ville då vanskelegare finne rom i skrift.

Dette programmet for skaping av eit norsk skriftmål som I. Aasen fremja, kravde ei heilt bestemt haldning til målføra. Skulle ein føre kamp for å få innført eit skriftmål som var bygd på dialektane, og som kravde respekt og bruksrett på alle livsens område, måtte det slåast hardt ned på all nedrakking av folketalen, og all fordomsfull blygskap på vegner av eige målføre. *"Det ville være klogere at oppmuntre Folk til at bevare sit Maal end at afskrekke dem derfra med den grundlese Paastand, at det altsammen er noget unyttigt Kram, som om kort Tid vil være aldeles udryddet og forsvundet for den stigende Dannelse."* A fremje det norske skriftmålet og kjempe for auka respekt for dialektane er såleis to sider av den same oppgåva: kampen for det norske nasjonalspråket, kampen for at det skal få same plass her til lands som t.d. svenskane har i Sverige. Trass i at prinsippet i Aasen-normalen, og i nynorsk-normalen belle tida sidan, bar vore å hente byggjesteinane frå alt norsk mål, frå systemet

som kan påvisast i alle dialektane, har det ofte vore innvendt mot nynorsken at han er eit Vestlandfenomen. Til stønad for det synet har dei med urette hevda at Aasen ikkje studerte aust-norske og nordnorske målføre. Aust-landsmåla t.d. har dei same hovud-drag i formverket som vest-norsken, jamvel om der går eit viktig mål-føreskil langsetter Langfjella. Men dei som har kritisert, har ofte stilt det idealistiske kravet at skriftmålet skal samstave alt og eitt med dei einskilde dialektane. Dei har dessutan stort sett tenkt på den sør-austre luten av austlandet, ikkje heile landsdelen. Når riksmålsfolk har stempla nynorsken som eit vestlandsmål, ubrukande for austlendingar, har dei "gløymt" den "vesle" detaljen at det dei har å tilby i staden er eit språk som i sine hovuddrag skil seg skarpt frå austlandsmålføra, ikkje berre formelle småting slik som ny-norsken.

At skilnaden mellom austlands-målføra og normal-nynorsken kan ha teidd seg større for mange, er ein annan ting. Det har med manglande rettleiing og tilvenjing å gjere. Nynorsken kan sjølvstendig og ha fått preg av at han fyrst kom i allmenn bruk på Vestlandet. Det vil endre seg når folk frå andre landsdelar tek sitt dialekt-tilfang med seg inn i normalmålet, slik dei langt på veg alt har gjort. Eit anna klagemål mot nynorsk-normalen til Aasen er at han skal vere lagd så tett opp til gamalnorsk som det var råd. Det er også gale. Norske målføre i den forma vi finn dei i dag, er framvaksne av gamalnorsk. Der er då sjølvstendig både motseiing og einskap mellom den gamle og den nye norsken. Formverket og skrivematen i norrønt kan derfor ofte gje rettleiing for den som skal setje opp ein moderne normal, og ofte kan løysingane ein kjem fram til for nynorsk, falle saman med tilsvarande i gamalnorsk. (Døme: adjektivet hard er skrivi etter regelen i gamalnorsk, men om ein skulle skrivi det etter uttalen i moderne norsk, måtte det bli har eller hal). Det viser seg og at når ein skal velje mønsterformer ut or dialektmangfaldet, er litt "konservative" former stundom dei mest tenlege, fordi dei samlar størst variasjon opp i seg. (Døme på dette kan vere bøyging i kjøn og tal av perfekt partisipp. Slik bøyging finst meir eller mindre realisert i alle målføre, men heller få fullt ut slik som i skriftnormalen). Med ein viss rett har det vore hevda at Ivar Aasen mismæta by-måla til føremon for bygdemåla. No var han klar over at bymåla og er norske dialektar, men han la vekt på at bygdemåla hadde berga meir av den norske språkbyggnaden. I Aasens tid budde og det store fleirtalet av folket på lands-bygda, skal vi hugse. Seinare gransking har vist at bymåla bar halde seg norskare enn det Ivar Aasen rekna med. Og det skulle berre styrke påstanden om at by-målet høyrer inn under nynorsken. At sume bygdemål jamt over har halde oppe fleire norske drag (t.d. ordlagingsselement), er ikkje rart. I byane har folk hatt dansk-norsk talemål og meir fremmendsleg skriftmål tettare innpå seg. Det rette må vere at folk med bydialekt lempeleg og varsamt og med tida lærer seg noko av det som finst i bygdemåla som dei manglar, særleg til bruk i skrift. Bydialektane har heller ikkje lite godt heimevakse tilfang dei kan gje vidare til normalmålet.

## **DEI TO LINJENE I TIDBOLKEN FOR DEN BORGARLEGE REVOLUSJON**

Det utvikla seg to hovudtendensar. Den eine kravde framhald av tilstanden slik det var – dansk med tillemping til norske tilhøve. Den andre kravde norsk språk atterreist til bruk på alle omkverve av menneskeleg verksemd, respekt for målføra, skriftleg mønsterform bygd på det systemet målføra har sams. Begge desse to stemmene hadde son mål å vinne over den andre, striden stod nokså ope om norsk eller dansk i Noreg. Men dei som stod for norsk-dansken såg etter kvart at det norske målstrevet vart ei makt dei måtte rekne med, og det gav opphav til meir "modifiserte" utgåver av den same linja seinare. Sam-"norsk"-tanken var ei slik modifisert utgåve. Den borgarlege revolusjonen i Noreg let etter seg ei politisk linje for målreisinga som var bygd på analyse av dei faktiske tilhøva, og som var utvikla med tanke på "Folkenes eget Gavn, son her til sidst er det viktigste Hensyn." (Aasen). Klassekreftene son bar fram dette synet var noko mindre krinsar innanfor borgarskapet med stønad frå småborgarskapet. Ivar Aasen personifiserar denne alliansen, han var av småborgarleg klasseopphav og han hadde tileigna seg det fremste innanfor den borgarlege vitskapen på hans felt.

Dei mange lærarane og andre framsynte intellektuelle som treiv målreisningstanken og starta organisert målkamp, står for same alliansen. Småborgarskapet var hovudkrafta bak målreisninga. Det store målprogrammet - å reise norsk mål - som voks fram i den borgarlege revolusjonen kunne fleirtalet innanfor borgarskapet ikkje samle seg bak, medan det enno var ein progressiv samfunnssklasse. Det kom derfor til å bli ei sak for arbeidarklassen og den proletære revolusjonen å gjennomføre programmet.

### **TIDBOLKEN FOR DEN PROLETÆRE REVOLUSJONEN**

Av dei proletære teoretikarane er det Josef Stalin som har laga ein samanhengande analyse av språket. Det har han gjort i artikkelen «Om marxismen i språkvitskapen» som stod i Pravda i 1950. Skriftstykket var ein kvass marxist-leninistisk kritikk av groande revisjonisme i det vitskapelege miljøet i Sovjet. Ein del omtykte kvasi-marxistiske mistydingar om språket blir ihelslegne her.

### **NOKRE HOVUDPUNKT I ANALYSEN TIL STALIN**

Stalin slår fast at språket er noko som høyrer menneskesamfunnet til, ikkje noko visst steg i utviklinga, men det å leve i samfunn. Det vil seie at språket må vere oppkome parallelt med framvoksteren av arbeidet, kampen for produksjonen. Oppgåva til språket er å vere tenar og reiskap for tenkinga. Det festar i ord resultatene av den kunnskapsamlende verksemda åt menneska. Med det gjer det tankeutveksling menneska imellom mogeleg. Språket er direkte bunde til produksjonsverksemda menneska driv, og til all anna verksemd på alle livsens område. Målet tek såleis opp i seg endringar i den sosiale praksisen, atterspeglar dei med hjelp av nye ord eller tydingar uhefta av overbyggnaden i samfunnet. Målet er nemleg ikkje nokon del av overbyggnaden, det har vekse fram innanfor ramma av fleire samfunnstypar, med kvalitativt ulik grunnvoll (basis) og overbyggnad, og alle samfunnssklassar har vore med på å skape målet gjennom hundretals ættleder. Når eit samfunnslag bryt i hop, bryt ikkje språket i hop. Det lempar seg etter nye tilhøve, og kan tene til reiskap for nye produksjonsmåtar og nye klassar. "--- språket kan tene det gamle døyande systemet likså godt som det nye framveksande systemet, både den gamle grunnvollen og den nye, både utbytterne og dei utbytta." Utviklingsvegane til eit språk kan ein berre skjønne når ein studerer det i samband med soga til det folket som eig det, hevdar Stalin. Når kapitalismen veks fram, bryt ned føydale hindringar for samferdsel, samlivnad og handel, og skil ut nasjonalstatar, då veks nasjonalspråka og fram. Språkhopehavet er eit av dei viktigaste kjennemerka på ein nasjon. Grunnlaget for målreisingsrørslene blir lagt. Innanfor nasjonalstatane kjempar antagonistiske klassar, men dei greier seg med eitt språk i denne kampen. Språket står i ei viss meining over klassekampen. Men dei einskilde sosialgruppene og klassane er langt i frå likesæle andsynes språket. Dei prøver å bruke språket i si interesse, tvinge på dei sitt ordtilfang og sine eigne seiemåtar. Innanfor eit nasjonalspråk kan ein derfor finne "klasse"-dialektar, sjargongar og salong-språk, seier Stalin. Sosiolektar kallar sume dei no for tida.

Sidan språket ikkje er ein del av overbyggnaden, og sidan det heller ikkje kan vere eigedom til ein viss klasse, er del også heilt gale å blande saman språk og kultur (eller språk og idear, seder moralprinsipp, religion og politikk - ovingar som alle er klassebundne). Eitt og same språk kan tene både borgarleg og sosialistisk kultur t.d. Prov på det er ikkje vanskeleg å finne. Både sossespråk og fagsjargong t.d. må hente byggjesteinane sine frå eit nasjonalspråk. Det som avgjer karakteren til eit språk, er nemleg grunntilfanget av ord og den grammatiske bygnaden (medrekna syntaksen, dvs. systemet for setnings-bygning). Begge desse elementa er særst sterkt rotfesta og seigleva.

Eit punkt til sist kan ha særleg interesse for oss som studerer den norske målstoda. Kva hender når to språk blir blanda? "I røynda er del slik når to språk blir blanda", seier Stalin, "at eitt språk blir sigerherre, det bergar den grammatiske bygnaden sin, bergar grunntilfanget av ord og utviklar seg

etter sine indre voksterlover, medan hitt språket smått om senn misser kvaliteten sin og smått om senn døyrt bort."

## **DEN SOSIALDEMOKRATISKE HOVDULINJA FOR DET NORSKE MÅLSPØRSMÅLET**

Det er truleg noko rett i det som har yore sagt om arbeidarrørsla i fyrsten av dette århundret, at ho var for mykje oppteken av den økonomiske kampen til at ho kunne ha overskot til å trengje inn i målspelet. Det ligg ein kime av sanning i det at for arbeidaren var det det same om det heitte «gryta» eller «gryten», berre han hadde noko å ha i ho.

Men det er ikkje rett at arbeidarrørsla i lengre tid vart ståande å gape på målrørsla utanfrå. Det vart etter kvart utvikla ein politikk for norsk målreising. Den fremste talsmannen for den var Halvdan Koht. At leiarane i det sosialdemokratiske DNA vende seg mot målspelet, kan vi truleg rekne som ei avspesling av at målproblemet i Noreg var noko arbeidarklassen fekk merke på kroppen, det var ikkje til å kome utanom. Det må og ha funnest eit meir eller mindre formulert ynskje mellom arbeidarar flest om å løyse opp i dei flokete tilhøva som rådde. Etter kvart slo den sosialdemokratiske målpolitikken inn i Noregs Mållag, og utetter tjue- og trettitalet var sosialdemokratane som Koht, Fostervoll, Dalgard, Rytter mellom dei førande i målrørsla.

Det er også litt urett å seie at målfolka i og rundt DNA var einslege svaler. Koht kjempa for linja si i partiet og vann fram med ho der. (På landsstyremøtet i DNA i 1933 vart tilrådinga frå Koht om «Sprog- og andre Kulturspørsmål» vedteken samrøystes, men berre som diskusjonsgrunnlag, sjølv sagt, partiet kunne "ikke på det nuværende tidspunkt ta stilling til sprogspørsmålet".) Om partiet, opportunistisk i dette spørsmålet som i alle andre, ikkje tok klart standpunkt, førte del i alle fall ut Koht-linja i praktisk politikk, rett nok noko veikt og lite konsekvent. Koht vart heller ikkje nemnande motsagt, og dei som tagde samtykte då på sin måte.

Historia til norsk arbeidarrørsla viser såleis at spørsmålet ikkje var om arbeidarrørsla engasjerte seg i målsak eller ikkje, men kva for ei linje førte ho fram. Svaret på det spørsmålet vil hjelpe oss til å skjønne kvifor arbeidarklassen ikkje strøymde inn i Noregs Mållag og tok leiinga der. Metafysiske forklaringar som legg avgjerande vekt på nynorsk rettskriving eller fastgrodde motseiingar mellom by og land, må vi avvise.

Koht kom frå Venstre over til Arbeidarpartiet, han drog då med seg ein borgarleg ideologisk arv. Den kunne han sjølv sagt ha kvitta seg med, men det finst ikkje vitnemål om at han gjorde det. Tvert om: Koht må, om han skal døymast objektivt og rettvis, tilkjennast den tvilsame æra å ha ført borgarskapet si hovudlinje i målspelet inn i arbeidarrørsla og kjempa ho igjennom der. Rett nok var den linja han slost for, sterkt modifisert i det ytre høve til linja til Wergeland og Knudsen. Men i grunnhått var det nett same kursen.

Eg nemnde at målrørsla var blitt ei makt norsk-dansk-strevarane måtte rekne med. Framgangen heldt fram dei fyrste ti-åra av dette hundreåret, jamvel om målrørsla var under småborgarleg, til dels borgarleg leiing. Nynorske bladfolk og forfattarar organiserte seg, det norske teateret vart skipa, landsgymnas vart sett i drift og skulekrinsar vart vunne. Det var i denne stoda den reine samnorskpolitikken vart utforma. Folkeminnegranskaren Moltke Mo var den fremste talsmannen. Linja var ei vidareutvikling av den Wergeland kasta fram, berre at Wergeland ope og ærleg ville bygge sin «norske» skriftnormal på dansk. Samnorsk-folket laut innsjå at det norske målet no ikkje lenger berre fanst i målføre, men at det hadde fått si skiftelege mønsterform. Det vart bore fram av ei pågåande masserørsla, og dei vann singlar. Såleis var det blitt uråd å kome utanom norsken når dei ville ha eitt sams mål for nasjonen. Og det ville dei, jamvel eit mål på «heimleg» grunn.

Løysinga dei kjem fram til er «å forene de to nasjonale kulturer», det er utlagt: dei to språka som fanst i landet. Begge vart kalla «nasjonale», og dermed har dei tuska bort den grunnleggjande skilnaden mellom dei to nasjonalspråka, dansk og norsk. «Riksmålet», dei kalla, den tillempa danske, var vorte ein variant, eit avbrigde av norsk.

## **SAMNORSKTANKEN**

Men dansk og norsk språk hadde skilt lag med omsyn til grunntilfang av ord og grammatisk bygnad alt lenge før vi møter dei fyrste skriftlege vitnemåla om desse språka. Etter den tid har dei hatt kvar sin særlege vokster nøye ihopknytt til dei ulike historiske lagnadene dei to folka vart til del. No skulle denne skilnaden brått vere heilt borte, fjerna med trolldomskunst rimeleg-vis, iallfall skal der eit skarpt auge til for å sjå nokon skilnad mellom dansken slik han vart skriven i Danmark og norsk-dansken slik han vart skriven i Noreg på Molkte Mo si tid. Ei slik linje er ikkje noko anna enn den idealistiske overtrua om at to går i hop til eitt. I ånda ville dei "tvinge" kvalitativt ulike ovringar til å misse særhåtten sin og bli identiske, bli til "eitt". I praksis vart det til at samnorskfolka kravde ein del tillemping av norsk-dansken i lydverket (altså: bok i staden for bog), og i nokon mon formverket. Men norske former vart ikkje tekne inn konsekvent og over heile linja, t.d. skulle a-endingar i hokjønnsord særleg ofte brukast i skriftleg framstilling som hadde med natur, heimeyrke og bygdeliv å gjere, såleis slett ikkje i alle stillag. Slik blei det i alle fall i praksis, om sume samnorskfolk ville noko anna. Av norsken derimot kravde samnorsk-strevarane etterkvart ikkje så radt lite. Særleg var dei galne på at nynorsken var så vestlendefarga, det måtte gjevast fritt rom for austlandsmålføra, sa dei.

Med dette gjekk dei til åtak på prinsippet den norske skriftnormalen var bygd opp etter, systemet med mønsterform. (Sjå lenger framme!) Vel så ofte vart del ille tilsidesette austlandemålføra brukte som den sjuke bestemora norsk-dansk-tilhengjarane skauv framfor seg nar del ville gjere inngrep i nynorsken, presse inn tilfang frå norsk-dansk t.d.

Samnorsk-tanken kom og organisatorisk til uttrykk i Østlandsk Reisning. Det var ein samskipnad som blei til i 1916 for å skape vyrndad for dei austlandske målføra og gje dei ein breiare plass innafor begge dei offisielle skriftmåla. Han var under borgarleg leiing: Eivind Berggrav, Didrik Arup Seip og Halvdan Koht var mellom skiparane. Østlandsk Reisning kom til å utløyse målreising på Austlandet i masseomfang, men like mykje til å styre heile masse-rørsla ut i grøfta med ei galen hovudlinje. Dei jamstilte dei to skriftmåla, reiste "austlandske" krav til landsmålet (norsken) på same vis som til norsk-dansken. Og dei sysla med tanken på å lage eigne dialektnormalar - ein slags dialektseparatisme. I røynda førte dette til at dialektrørsla på Austlandet ikkje fekk vekse i hop med målreising elles. Like strålende som Østlandsk Reisning starta arbeidet silt (30 000 medlemmer i 1925), like ynkeleg fall samskipnaden i hop etter heller få år (1932). Det er den politiske og ideologiske linja, om ho er rett eller galen, som avgjer alt. Dersom linja er galen, misser vi det vi alt har.

Den historiske rolla til Halvdan Koht var å ta den borgarlege linja med seg inn i arbeidarrørsla, og med stønad derfrå inr i målrørsla. Kohl er sjølv sagt fyrst og fremst kjend som målmannen, og vi kan heller ikkje slå ein strek over innsatsen hans for nynorsk. Men linja hans førte norsk målreising ut i eit uføre, derfor må innsatsen hans i hovudsak vurderast negativt.

Koht var merksam på at både by- og bygdemålføra er avbrigde av eitt og same nasjonalspråk: *"det målet arbeidarane i byane nyttar, det or vanleg norsk folkemål, det byggjer ikkje på det danske bokmålet."* Dette seier han i artikkelen "Arbeidarreising og mål-spørsmål" frå 1921. Lenger ute i artikkelen konkluderer han likevel med at arbeidarane "treng slett ikkje binde seg til ei viss skriftform." Det dei har å stri for er "retten for folkemålet på alle kantar.» Denne runde parolen kokar

ned til rett "for folketalen til å sette stempelen sin på alt skriftmål, anten det no kallar seg landsmål eller riksmål." I «Sprog- og andre Kulturspørsmål" (1933) er linja endå klarare utmeisla: «I presse og skole vil det (DNA) hjelpe fram alt levande folkemål, så det får større og større rom innafor både dei to offisielle skriftmåla i landet, og til slutt kan føre dei i hop i einskap," (Mi understreking). Biletet dei brukte på denne samvoksteren, var to tunnelarbeidslag som startar frå kvar sin kant og møtest på midten! Den store målmannen Koht har altså gløymt skilnaden mellom norsk og dansk, han med. To gar i hop til eitt - det er rettesnora for han liksom for Molkte Mo.

Nynorsk for bygdefolk, bokmål for byfolk - men ein gong vil dei møtast. Det var programmet til Koht. Frå det store programmet til Ivan Aasen, å innsetje landsens mål i sin fulle rettar, er fallet bratt og djupt.

### **KOHT-LINJA: LINJA TIL BORGARSKAPET**

At Koht fremja linja til borgarskapet i arbeidarrørsla, kan knapt tilskrivast mangel på kunnskap. Det hadde han utveg til å skaffe seg. Grunnen kan berre vere opportuniste. Politisk var samnorsk-lina eit framhald av den linja målminoriteten sjølv hadde skapt. Det var ei linje som sikra norsk-dansken levekår i Noreg, såleis slapp ein å utfordre borgarskapet med å seie: "det som de står for, skal bort!" Likeeins avspeglar Koht-linja eitt knefall for galne tankestrukturar i arbeidarklassen. Å ta opp kamp for ei rett linje ville kanskje føre til røystetap for "masse"-partiet (som skulle samle flest mogeleg på eit laust og uklart politisk grunnlag). Fyrst og fremst vitnar linja om at sosialdemokratane ikkje hadde tiltru til arbeidarklassen, tiltru til at han ville velje rett når han fekk høve å velje. For samnorskpolitikken stilte ikkje arbeidarane andsynes eit val mellom noko gammalt og noko nytt. Det ein baud byarbeidarane var nemleg nett det same som før, bokmålet, norsk-dansken. Dei endringane som skulle kome, kunne nok vere til å gjere norsk-dansken litt mindre fremmend, men dei endra ikkje det plukk på karakteren til språket, grunntilfanget av ord og den grammatiske bygnaden, hovudbyggjesteinane var framleis danske. I tillegg vart byarbeidarane pålagt ein ny vanske: samnorsken, blandingsmålet, var i røynda tyngre å lære enn det meir formfaste gamle riksmålet. For den som lite har høve til å drive filologiske studiar, er det ein føremon å ha ei nokolunde fast-lemma skriftform å gå etter. Samnorskideologane i DNA snakka mykje om folkemålet, men i røynda var det rettskrivingsendringar innanfor skriftmålet dei var opptekne ay. I målrørsla fremja dei trua på at rettskrivingsbrigde var den magiske lampa som ville dra folk til målrørsla. Koht-folka var såleis dei som var mest ansvarlege for at den største striden innanfor Noregs Mållag for krigen kom til å stå om rettskriving. 1938-normalen er naturleg nok det store byggverket som står att etter glanstida åt samnorsken. Denne normalen førte nynorsken eit godt stykke bort frå mønsterform-prinsippet, skapte dermed større forvirring (om rett og gale) i nynorsk, og han drog nynorsken i unorsk lei på visse punkt. I bokmålet vart ein god del norske ord og former tillatne, men heilt tilfeldig og inkonsekvent, og ikkje i alle stillag. Stalin peika som nemnt, på at om ein freistar å blande to språk, vil alltid det eine bli sigerherre, det veks ikkje frann noko nytt tredje språk som skil seg kvalitativt frå dei to. Ivar Aasen seier likeeins at å *"oppdage adskillige norske Ord i Dansken kan vistnok være til nytte for Almuen (---), men derved er dog at mærke, at dette ikke er nogen Oppreisning for det norske Maal, og at Bogmaalet ikke derved får nogen Ret til at kaldes norsk, saa længe som Form og Grunnlag i det hele er dansk."* (Fortale).

Freistnader på å ta opp norsk språktilfang i dansken har sett fælt så varige merke etter seg. Det kan ein forvise seg om når ein les norske aviser i dag. Vi kan sjå på Klassekampen. Dei som skriv der har ofte mange norske former innsprengt i bokmålet, men desse norske formene lever eit utrygt liv i tevling med dansken, ofte i same setning. Aldri vii det bli mogeleg å fa inn t.d. hokjønnsformer i bokmålet over alt der dei skulle ha vore etter systemet i norsk. Aasen spådde at «fornorskinga» av dansken skulle gje nett dette resultatet.



Den kohtske to-går-i-hop-til-eitt-linja blei sett ut i livet gjennom politikken DNA førte før og etter den andre verdskrigen med den borgarlege statsmakta i ryggen. Etter krigen har ho tydeleg vist seg som ubrukande for målrørsla, og har i røynda sprotke i to. På den eine kanten finn vi den vesle organisasjonen Språklig Samling som sosialdemokraten Rakel Seweriin gjorde opptaket til. Der terpar dei framleis på tilnærming mellom våre «to norske» skriftmål til dei gror i hop med administrativ hjelp. På hin kanten finn vi Bjartmar Gjerde, ein svoren fiende av norsk mål som målrørsla har fått møte i open krig fleire gonger. Den gamle folkemålslinja til DNA har havarert, ein ope reaksjonær politikk står att.

Då det kom til stykket, fekk Halvdan Koht spele same rolle i spørsmålet som partiet hans spela i klassekampen i det heile: han liksom partiet var det hjelpemiddelet borgarskapet trong for å hindre at den proletære og revolusjonære linja vart stemneleia til arbeidarklassen. Den opplyste borgarlege målvtiskapsmannen Gustav Indrebø meinte at «arbeidarførarane» hadde «genera seg for 'yverklassa'. Dei hev havt sine løynlege ideal hjå dei som dei for med store ord imot. Dei hev i grunnen skjemst yver sitt eige.» Ingen dum karakteristikk av sosialdemokratiet!

### **MÅLRØRSLA I 1950 - OG 60-ARA**

1950-åra og dei fyrste 60-åra var ei ørkenvandring for målrørsla som for så mykje anna progressivt her i landet. Målrørsla møtte riksmålsreaksjonen (ein av avleggjarane til McCarthyismen i Noreg) utan proletær leiing, utan ei linje for forsvarsstrid. Dei torde lite å utfordre fienden med å mobilisere målfolket til open kamp for rettane sine. I staden vart "løyndarlinja" rettesnora, dei arbeidde i det stille, kravde frimerke og blankettar på ny-norsk o.dl. Den store planen om å gjere nynorsk til "einaste riksmål i landet", vart det snakka mindre om. Kommunistar skal ikkje le av dette. Mange trugne målfolk gjorde eit seigt og verdfullt arbeid i desse åra. Dei kan ikkje lastast for at det ikkje fanst ei proletær linje for målstrevet på den tida.

Den politiske nyvakninga i arbeidarklassen og mellom ungdomen i sisteluten av 60-talet slo sterkt inn i målrørsla og, det vart politisering. Det grodde no fram ein livleg diskusjon om mål og metodar i målrørsla, og ikkje lite evne til sjølkritikk og –gransking. Politiseringa innebar og at dei prøvde å setje stoda for norsken i samband med samfunnsutviklinga og stelle spørsmål ved den. Dei nye vindane førte til ei merkande styrking av Noregs Mållag, tilsig av nye folk til målrørsla og til større pågangsmot. Dei som bar fram det nye var venstresosialdemokratlar, populistar og marxist-leninistar.

I dette tilfellet som ofte elles ser vi at ein god tendens dekte ein dårleg tendens. Det er ikkje vanskeleg å merke på «Målreising 1967», eit debattopplegg som vart grunnlag for det nøgjedande prinsipp-programmet til Noregs Mållag. Trass i at ein her gjer opp med den «upolitiske» målstriden, og til dels med «løyndarlinja», finst det her målbore nokre alvorleg galne og farlege idear.

Ein av dei fremste talsmennene for den nye «politiseringa» var Berge Furre. Tanken om å reise norsken som landet sitt språk har han sleppt. Han meiner vi må sjå i augo at nynorsken er eit språk som er knytt til bygdesamfunnet. «Difor er målreisinga ein lekk i kampen for bygdesamfunnet, ei 'populistisk' rørsle.» I dette ligg det noko meir enn at nynorsk skriftmål pr i dag nesten berre har vunne fram i bygdekrinsar. Han gjer norsk mål og bygdekultur til ein og same tingen. Ved sida av at han gjer nett den feilen Stalin åtvare imot, å blande språk og kultur, har han tydelegvis og falle i ei anna gamal grop: nynorsken er eit minoritetsspråk. Det er sjølvsagt rett at nynorsken blir brukt som skriftmål av eit mindretal, men fleirtalet snakkar norske dialektar. Å gje slepp på kravet om å reise nasjonalmålet er såleis å gje etter for den borgarlege tilsløringa av målstoda her i landet. Etter ein tvilsam analyse gjer Furre framlegg om denne strategien for målrørsla: «Meisla ut eit handlingsprogram for bygde-Noreg på tvers av partigrensene.» (Mi understreking). Det er ennå mindre reising over dette programmet enn det til Koht. Av omsyn til det kulturelle "mangfaldet" i

Noreg meiner Furre jamvel at vi kanskje kan "sjå det at vi har to skriftmål her i landet som ein verdi, noko vi bør ta vare på. Det er einsretting og konformitet nok i samfunnet."

Dette er ei tankestemne i mål-rørsla som er avla av rein og skir opportuniste. Spørsmålet er: Torer ein å by arbeidarklassen nynorsk? Torer ein å kjempe for eit betre skjøn for målsaka mellom arbeidsfolk som i dag er avvisande?

### **KAMPEN MELLOM LINJENE FOR NORSK MÅLREISING NETT NO**

Berge Furre har enno ikkje avsvore tospråkslinja, så den må vi i høg grad rekne med. Men det er eit par tendensar til som ovrar seg i måldebatten, som her skal gåast litt nærmare etter i saumane. Den eine er den som har døypt seg sjølv "ny målstrid", den andre kan vi kalle «ny røyndarlinje». Dei som står for desse stemmene, reknar seg for marxistar, ein er jamvel 'marxist-leninist'. Og når dei tek slike ord i sin munn, må dei tole å få standpunkta sine vurdert som framlegg til linje for arbeidarklassen.

Venstresosialdemokratane i SV vedkjenner seg stundom ope sine historiske føregangarar. Berge Furre dreg linjene attover til Nygaardsvold og Tranmæl. SV-kritikken mot DNA i dag gjeld ofte berre at det har falle frå sine "ideal" frå den gongen. Ein ser ikkje at den folkefiendslege (i grunnhått-politikken til det monopolborgarskapet DNA-leiarane sjølve høyrer til) er rotfesta i den reformistiske og opportunistiske politiske og ideologiske linja frå den gongen. Sidan 1923 kom DNA meir og meir konsekvent til å bli ei hindring, eit fotband, for arbeidarrørsla. Det greidde ikkje, om det i det heile prøvde, å fri seg frå borgarleg tenking og livssyn, borgarleg politikk. Som eg har vist tidlegare, var dette tilfelle med Halvdan Koht i språkspørsmålet. Om ikkje kampen mot revisjonismen og opportunisten i SV blir ført med større styrke i og utanfor det nye partiet, vil det innan fælt kort tid kome til å trakke oppatt dei gamle spora etter DNA, rett nok med noko mindre fotblad.

### **LINJA TIL GEIR WIGGEN**

Den umedvitne haldringa til før-krigs-DNA finn vi og hos Geir Wiggen. I forordet til boka «Målstrid er kiassekamp» (Pax 1973) hevdar han at det i det "sosialistiske strevet" i Noreg i dag ofte gjeld å "gjenvinne det nivå i innsikt og erkjennelse som arbeidarrørsla hadde nådd før siste verdenskrig". Og ikkje uventa er det Koht framom nokon som blir dregen fram som den store læremeister. Men Wiggen fører også noko «nytt» inn i debatten. Dette "nye" gjer han greie for i to kronikkar i Dagbladet i 1973 (Ny målstrid I og II). Han seier: "Den språklige motsetninga står ikkje lenger mellom et norsk og et utenlandsk språk. Den fundamentale motsetninga står heller ikkje mellom nynorsk og bokmål/riksmål, (---). Skal vi få tak i klassemotsetningene slik de avtegrer seg i språket, må vi innføre begrepene sosiolekt og maktspråk.» Ein sosiolekt er noko i kan heimfeste til «bestemte klasser og subkulturer», seier han, liksom dialektar til landsluter.

Det fyrste spørsmålet vårt må vere: kvar i alle verdsens land og rike er det blitt av det gamle målproblemet i Noreg? Er den gamle motsetninga mellom norsk og norsk-dansk løyst? Når skjedde det i så fall? I 1905 eller 1945 kanskje? Wiggen må meine at det norske nasjonalspråket alt er atterreist sidan det no berre er snakk om å påvise sosiolektar innanfor det norske språket. I så fall må han tru at den gamle samnorsk-draumen er blitt til røyndom, at to verkeleg er blitt til eitt. Eller så må han meine at spørsmålet om norsk språk ikkje er interessant. Synspunkta hans kunne like gjerne gjelde spansk eller kinesisk. I så fall er det heller skamlaut å snakke om «ny målstrid» i vårt land, ein «målstrid» som etter hans meining bør kome i plassen for den gamle.

I røynda representerer tankane til Wiggen og eit fall jamvel i frå Koht. Både den gamle linja, å reise norsken, og den kohtske, å byggje norsken og dansk-norsken i hop – ulike svar på dei objektive måltilhøva i Noreg – let han berre dingle i lause lufta. Han svarer ikkje på om dei faktiske tilhøva har

endra seg, han ser berre bort frå dei. Slikt er opportunistisk tenking. Men det får likevel fram at han avviser tanken om å reise norsk. Han går nemlig til åtak på Ivar Aasen fordi han ville finne «det samlende prinsipp for den nye norske grammatikken» i «dialektenes felles språklige opphav».

Etter ei omstendeleg tankeføring kokar Wiggen den «Nye målstriden» sin ned til dette: kamp mot «maktspråket», han lastar riksmålsmotstandarane for at dei ikkje lenger (i 50-åra) retta argumenta mot «den borgerlige tenkemåten og samfunnsforståelsen som riksmålet var bærer av». (Mi understreking). Men vel å merke, Wiggen avviser ikkje «maktspråket» (bokmålet, riksmålet) i praksis, for han bruker det sjølv! Dessutan har han jo slått fast at motseiinga mellom nynorsk og bokmål ikkje er viktig lenger (om ho finst). Etter kvart skjønar vi kvar Wiggen vil av: det er visse ord og uttrykk i språket (han seier ikkje kva for eitt!) han vil til livs. Det er slike ord og seiemåtar som har «umiddelbart manipulerende funksjon», det han kallar «maktspråk». Døme på maktspråk er: «bombinga fortsatte», «prisene stiger» (det går ikkje fram kven som bomba eller som fekk prisane til å stige), «arbeidsgjevar og «arbeidstakar» (utbyttingstilhøvet vert tildekt).

### **IDEALISTISK VILLFARING**

Ved at kapitalistane tvingar «sitt språk» inn på oss, tvingar dei «sine verdier og sitt samfunns- og verdensbilde på oss», meiner Wiggen. «'Standardspråket' (dvs. bokmål, min parentes) er den herskende klasses språk og et produkt av dens ideologi.»

I røynda ligg der store uløyslege indre motseiingar i tankeføringa til Wiggen. Sjølv målber han meiningane sine på bokmål, og avviser dermed ikkje «standardspråket». Samstundes som han hevdar at det er eit produkt av ideologien til herskarklassen. Korleis kan han då i det heile rive seg laus frå ideologien til borgarskapet når han skriv på målet «deira»? (Så langt kan det sjå ut som Wiggen har rett, for er det noko han ikkje har gjort, er det å rive seg laus frå borgarleg ideologi.)

Stalin slo fast at eitt og same språk kan gjere teneste for fiendslege klassar. Det er idealistisk villfaring å gjere språket, det materielle hjelpemiddelet for tenkinga, og sjølv tankane til ein og same tingen. Det finst to kulturar under kapitalismen, ein borgarleg og ein proletær, og i land som har eitt språk i bruk, finn begge desse kulturane uttrykk i det språket, jamvel om dei er motsette i innhald. I grunnen er det nett slik i Noreg og, berre at her er det tevling mellom to nasjonalspråk: norsk og tillempa dansk.

Dansken blei innført i Noreg av dansk utflytta overklasse, og har til denne dag vore boren oppe av herskarklassen. Kjernen innanfor det norske borgarskapet, monopol-borgarskapet, og ein del andre lag og grupper (høgare tenestemenn, borgarlege intellektuelle o.fl.) bruker norsk-dansk til dagleg i tale og skrift, og ser på han som sin augnestein. Dei ville misse mykje personleg velvære om dei laut rette seg etter norsk, språket som stormengda av folket bruker. Den borgarlege ideologien i sitt særlege norske avbrigde, borgarleg kultur, klisjeane fra kontor til salong - alt dette har fått si form på norsk-dansk i Noreg. Dette er to gode grunnar til at den rådande klassen held på bokmålet med nebb og klør. Ein tredje, og ikkje minst viktig, grunn er at herskarklassen sjølvsgagt veit at arbeidsfolk balar med skriftmålet fordi det er eit anna språk enn det dei sjølv har, og at språkleg utryggleik gjer folk flest lettare å vippe av pinnen når del står andsynes øverheita t.d.

I ein forstand har såleis norsk-dansken vore eit overklassespråk. Og det norsk-danske talemålet har yore og er eit klassemerke så godt som noko, eit middel for borgarskapet (dei "fine") til å heve seg over folket. Men når det er sagt, ma vi sjå i augo at norsk-dansken absolutt ikkje berre har yore ein reiskap for borgarklassen. Bokmålet har vore det språklege hjelpemiddelet arbeidarklassen i Noreg har hatt å berge seg med frå fyrste stund. Mest alt av det arbeidarane har ytra skriftleg, har vore på dette målet. Thrane-rørsla brukte det, DNA brukte det den gongen det var eit proletært og

revolusjonært parti, NKP brukte det den gongen det var kommunistisk, fagrørsla har mest berre brukt bokmål og til sist: AKP(m-l) bruker norsk-dansk i mesteparten av det det gjev frå seg skriftleg. Kan det verkeleg vere sant at absolutt alt dette har målbore «verdiane» og «samfunns- og verdsbiletet» til borgarskapet? Knappt.

«Standardspråket» kan såleis likevel ikkje vere noko produkt av ideologien til herskarklassen. Det har tvert om gjeve uttrykk for verdsåskodinga og dei politiske interessene til arbeidarklassen. Det store poenget som spring ut av det eigentlege målproblemet i Noreg, er at "standardspråket", norsk-dansken, er ein mykje, mykje for dårleg reiskap for arbeidarklassen - fordi det er eit anna, om enn nærskyldt, nasjonalspråk. Arbeidarklassen i Noreg talar liksom storparten av folket elles framleis norsk, og kan derfor ikkje bli fullgodt tent med eit anna nasjonalspråk. Norsk-dansken er slett ikkje produkt av ein klasse. I grunnlaget er han eit produkt av både undertrykkarar og undertrykte i Danmark. Han er heller ikkje produkt av ideologien til ein klasse. Ideologi høyrer til overbyggnaden, og språket har vakse fram som eit produkt av menneskeleg verksemd av alle slag: klassekampen, kampen for produksjonen og vitskapelege eksperiment. Dansken er såleis eit produkt av den sosiale praksisen i fortid og notid til den folkeætta som har blitt til nasjonen Danmark. Norsk-dansken atterspeglar den særlege tillempeinga som det danske nasjonalspråket har fått i Noreg gjennom sitt overflateliv her.

### **TENKJEMÅTAR ER IKKJE BUNDNE TIL EIT VISST SPRÅK**

La oss sjå på norsken! Også det språket blir nytta av ulike klassar, jamvel fiendslege klassar. Det er det språket arbeidsfolk flest talar, i form av målføre. Men også ein del kapitalistar snakkar norsk. Skriftleg er norsken i bruk både i Klassekampen og i skriva til Vestlandsbanken, trygdelaget Andvake, det statskapitalistiske Samlaget, Ekornes Møbelindustri osv. Nynorsken er ikkje "folkemål" i den tyding at det berre er folket som bruker han. Heller ikkje i så måte at han er "produkt" av ideologien til dei undertrykte klassane.

Både kommunistiske, borgarleg-liberale og fascistiske tankar kan utformast på det norske målet Dømet til Wiggen viser, i motsetning til det han trur, at visse tankar og tenkjemåtar ikkje er bundne til eit visst språk. Ein norsk arbeidar kan karakterisere røyndomen heilt rett med å seie at prisa stiger (Oslo-mål) eller prisan stig (Salten-mål). Han kan gå vidare og klarleggje årsakene til prisstiginga eller han kan dekkje over dei med sosialdemokratiske frasar. Begge delar kan han gjere på norsk, med hjelp av det same tilfang av ord og seiemåtar. På eitt og same språk kan ein altså lyge og snakke sant, ein kan gje uttrykk for både klare og uklare tankar og for føydal, borgarleg og proletær verdsåskoding, samfunnssyn, kultur og politikk.

Dei ulike klassane prøver sjølvsgt å presse inn sine tydingar og tolkingar, og skal vi kjempe mot borgarleg påverknad i dette stykket, lyt vi drive proletær røkt og måldyrking, og det samvitsfullt. Sjølvsgt skal vi t.d. vere klar over at visse snirklete seie-måtar og visse ord er særleg skikka til å dekkje over og frenge på sanninga. Men dette er noko anna enn norsk målreising!

Det er ingen forbode å forbetre seg, seier ordtøket. Og Wiggen har kanskje berre teke det fyrste og velmeinte steget inn i diskusjonen om norsk mål. Men om han vil bli ei positiv kraft for målreisinga, bør han vende seg bort frå den linja han har fremja. Nar alt kjem til alt, er ikkje "den nye mål-striden" anna enn den tradisjonsrike hovudlinja til borgarskapet innpakka i sosialistiske og "marxistiske" frasar. Wiggen-linja er ikkje anna enn den siste og nest moteriktige utgåva av den gamle taktikken å smiske med målrørsla samstundes som ein går i mot hovudkravet ho har stilt. Dette standpunktet er og til skade for arbeidarklassen, fordi arbeidarklassen har objektiv interesse av å vere med å reise norsk mål i heile si breidd, som talemål og som skriftmål. Den venstristiske parolen "Folkets mål mot

makthavernes» dekkjer over at Wiggen let bokmålet, norsk-dansken ("makt-språket" med hans eiga nemning) stå urørt.

I Noregs Mållag har nederlagslinja ("sky striden og gå under jorda") yore hovudlinja til dei storborgarlege elements i leiinga til samskipnaden etter krigen. Dei store atterslaga og McCarthyismen gav vokstergrunnlag av beste slag for slike idear. Dei representerer truleg enno hovud-fåren innanfor Noregs Mållag. I seinare tid har vi sett dei framførte i eit slags venstreform: ei stridsredd og ekstremt defensiv retning med "marxistisk" overbygning. Kjernen i denne retninga er at målstriden i Noreg i dag er opphaldande forsvarsstrid der norsken er bunden til a tape bit for bit, skanse for skanse. Fyrst den sosialistiske revolusjonen kan snu utviklingstendensen frå tilbakegang til framgang for norsk mål. Praktisk tyder det at ein i dag stort sett må avskrive målreising i byane og dei stroka der bokmålet tradisjonelt har rådd grunnen, og at kreftene bør konsentrerast om a verne skule-målet i dei nynorske "kjerneområda" (dvs. område der nynorsken har vunne fram som skriftmål).

Under dette synet ligg grov undervurdering og manglande identifisering med arbeidarklassen ("klasselaus" s.k. marxisme). Arbeidarklassen blir fyrst og fremst rekna som ein manipulert klasse som borgarskapet har makt til å halde fast i ei ideologisk og politisk jernklo. Slik borgarleg vanvyrnad for arbeidarklassen står i kvass motsetning til det kommunistiske synet som går ut på at folket og berre folket er den drivkrafta som lagar verdshistoria, og at arbeidarklassen er den førande klassen innanfor folket. Den sosialistiske revolusjonen er uunngåeleg fordi arbeidarklassen er før til å skaffe seg innsyn i dei objektive motseiingane som driv samfunnsutviklinga, og fordi han under leiing av kommunistpartiet frir seg frå borgarleg tenking, frå borgarlege politiske linjer og handlar på tvert av det herskarane byd. Det er eit naudsynleg subjektivt vilkår for revolusjonen at arbeidarklassen fostrar eit revolusjonært medvit og byggjer opp klasseorganisasjonane sine under borgardiktaturet, trass i alle freistnader på å halde han nede i borgarleg uvit. Såleis er det fullt mogeleg og heilt naudsynt at i alle fall den lengstkomne delen av klassen utviklar korrekt tenking i målspeørsmålet alt no under kapitalismen, og handlar deretter. Dermed kan vi vinne framgang og delsigarar i striden for det strategiske målet og leggje grunnlaget for den endelege sigeren for norsk mål under proletardiktaturet.

Det gamle og det nye sosialdemokratiet, høgge- og «venstre»-opportunistane før og no, har eitt sams. Dei torer ikkje å sjå arbeidarklassen i augo og leggje fram for han sjølv hovudspørsmålet den norske målstoda stiller. Skal norsken reisast eller ikkje? Dei har ikkje tiltru til at arbeidarane vil velje rett, og dei skjønar tydelegvis ikkje at det berre er arbeidarklassen som kan løyse målproblemet, som kan snu tilbakegangen for norsk som vi opplever no, til framgang. For opportunistar (også dei av «venstre»-slag) er det stødt like kvidefullt å velje kampvegen.

### **DEN PROLETÆRE LINJA FOR MÅLREISINGA**

Som Mao Tse Tung seier finst det ei rørsle av motsetningar i utviklingsprosessen til alle ting "frå byrjing til slutt." Ein ny prosess kan ikkje kome i gang før den gamle einskapen med dei motsetningane som utgjorde den, vik plassen for ein ny einskap med dei motsetningane som utgjer den. Altså kan vi ikkje vente oss at målproblemet i Noreg vil stille seg på nokon ny måte, før den gamle grunnmotseiinga (mellom norsk og norsk-dansk) er løyst. Det er ho tydeleg nok ikkje til denne dag.

Den strategiske (langsiktige) linja arbeidarklassen må velje i målspeørsmålet er eigentleg enkelt og greitt å få det norske målet oppreist som målet åt den norske nasjonen, få det innsett som landsens einaste mål. Denne oppgåva vart stilt i den borgarlege revolusjonen av småborgaren Ivar Aasen, men borgarskapet (heile) hadde ikkje på nokon måte interesse av å få ho gjennomført.

## KVIFOR MÅ ARBEIDARKLASSEN VELJE NORSK ?

Her skal nemnast nokre grunnar. Arbeidarklassen fell innanfor det store fleirtalet av nordmenn som bruker norske dialektar. Med norske dialektar er her, sjølv sagt, meint både bygde- og bydialektar, vestnorsk, nordnorsk, austnorsk, og midlandsmål. Det har vore innvendt mot denne vurderinga at det finst fleire som snakkar eit slags bokmål no enn før, slik at den norsk-danske taleminoriteten femner om ein del arbeidande menneske og no, særleg i funksjonærgruppene og mellom dei høgutdanna. Noko rett er det i dette. Men endå utgjør denne gruppa eit mindretal i det arbeidande folket. Dessutan skal vi vere klar over at det finst temmeleg mange som er meir eller mindre tvunga til å snakke "fint" (norsk-dansk) på jobben, medan dei kanskje bruker norsk målføre (t.d. bergensk bymål) i heimen. Dei er to-språklege. Eller om dei så berre snakkar norsk-dansk, så har dei i alle fall lagt om frå målføret sitt. Ofte hender det jamvel at folk legg om til eit anna norsk målføre. Ikkje minst folk i desse gruppene ville vinne i personleg velvære og tryggleik, og ikkje minst klassebyrgskap, om dei fekk mot til å bruke målføra sine i alle livssituasjonar. Det skal også seiast at dei arbeidande menneske som er å finne i den norsk-danske målminoriteten, oftast er dei som har best utdanning og best høve til å lære seg to språk. Det er heilt rett som Ivan Aasen seier at denne børa heller bør falle på den "Stand, som nettop hadde den bedste Leilighed til at tænke paa slike Ting" enn på "den tusinde Gange større Almue".

Desse orda kan tene som ei god påminning til intellektuelle som er oppflaska med heller unorsk talespråk, når dei tek klassestandpunktet til arbeidarklassen. Dei har plikt på seg til å "lære språk av massane" (Mao), ikkje tvinge sitt mål inn på folk flest. Kanskje er det at intellektuelle bruker norsk mål, vere ein metode som kan hjelpe til å minke skiljet mellom kropps- og åndsarbeidar.

Det norske målet er skapt av og atterspeglar livet og røynslene til det store strevande folket gjennom hundretals generasjoner her i Noreg. Det ber derfor i seg ein stor rikedom av uttrykk som vi vil tape fælt mykje på å kaste frå oss. For oss finst der ikkje betre hjelpemiddel vi kan gripe vår røyndom med. Tilhøvet mellom norsk og tillempa dansk i dette stykket er som tilhøvet mellom eit jernspett og eit trespett. I eit knipetak kan vi greie oss med annarangs reiskap, men han gjer ikkje fullgod nytte for seg. Det norske skriftmålet er bygt på målføra. Det er nært samanfall i ordtilfang, og i formverket byggjer dei nynorske mønsterformene på det systemet som ovrar seg i målføra. Sist, men ikkje minst, byggjer nynorsken på same system for setningsbygning som vi finn i målføra, både dei i indre Hardanger og dei i Oslo-området. Det norske skriftmålet har på denne måten heile tida utveg til å bli oppattnya og vidareutvikla med tilfang frå målføra. Særlege ord og seiemåtar som berre finst i nokre fåe målføre, kan takast inn skriftmålet og gjerast allmenne, når der er trong for å setje namn på nye fenomen, og om der er vilje til det. På grunnlag av norske ordlagingsselement kan ein stødt utvikle nye nemningar og tydingar etter kvart som ein får bruk for.

Bokmålet kan ikkje ause av denne rikdomskjelda fordi det er eit anna språk i grunnlaget. Det har ikkje noko levande samband med dei norske målføra. All røynsle har vist at det har vore svært vanskeleg å presse norske element inn dansken. Del bryt med systemet dette målet. Derfor er det uunngåeleg inkonsekvens, rot og "stil-brot". Derfor er det eit kraft-tak å skrive "radikalt" bokmål. Ein må støtt konsentrere seg om skrivemåten, dei norske formene og orda kjem ikkje ramlande slik som når ein skriv nynorsk. Det blir ikkje tent ei varsellampe når ein t.d. skriv "utviklingens tendens" o.a. danismar, slik som det gjer når ein skriv nynorsk. Er ein oppvaksen med eit norsk målføre og skal skrive "radikalt" bokmål, vil ein heile tida bakse med motseiinga mellom norske og unorske former, ord og seiemåtar, - og i denne kampen er ein overlaten til seg sjølv og sitt eige målføre. Ein må sjølv pønske ut korleis ein skal skrive dei orda som ein berre kjenner i lydleg form frå målføret sitt. Og alt dette strevet vil likevel vise seg å vere fåfengt, fordi to ikkje let seg presse i hop til eitt, to språk kan ikkje administrerast i hop til eitt. Når ein skriv nynorsk, vil ein derimot ha målføret med seg som eit stødt

underlag. Den tillempinga mot eit meir allment mål som likevel krevst, gjeld ikkje fundamentale drag i målet, berre einskilde, formelle drag.

Bokmålet er i hovudsak bunde til ei lita og spesiell sosialgruppe i landet. Den talemålsminoriteten det har å stø seg til, finst son sagt innanfor borgarskapet og elles på toppane i samfunnet (men femner ikkje om heile borgarskapet). Med berre ein dødsmerkt og bakovervend klasse som hovudgrunnlag har bokmålet ingen utveg til å kunne atterspegle dot sosiale livet til stormengda av folk i Noreg på ein skikkeleg måte. Bokmålet har og svært lite nyskapande evne, fordi det er bore oppe av ikkjearbeidande, snyltande menneske og fordi det er løyst fra det daglege sambandet med hovudgreina, dansk. Dette gjer at bokmålet er svært lite motstandsført fra anglo-amerikansk. Ei slik tilstemne blir sjølv sagt styrkt av at dei som utgjer den sosiale basisen for norsk-dansken, i alle fall dei leiande krinsane, bryr seg katten om framtida åt den norske nasjonen, velferda for det norske folket og om det norske språket er til eller ikkje. Dei sel landet for tretti sylvpengar. Bokmålet er såleis i stand til å tene døyande klasser nokolunde brukande.

Det skulle etter kvart bli klart at arbeidarklassen må ha ei særskilt stor interesse av å reise nasjonalmålet. Det er denne klassen som står i fremste rada i kampen for det nye, sosialistiske Noreg. I denne kampen trengs det kvasse våpen, og noko ringare våpen for tanken enn nett det norske målet kan vi ikkje greie oss med. Arbeidarklassen treng det norske målet. Det er einaste det som kan vere ein fullgod reiskap i klasse-kampen, kampen for produksjonen og vitskapelege eksperiment. Slik er det no medan vi enno strevar med å velte borgardiktaturet. Og slik vil det i endå større mon vere under arbeiderveldet, når sosialismen skal byggjast. Når imperialismen og innanlandsk mørkemakt er ned-kjempa, står landet vårt framfor ein ovstor vokster på alle omkverve. Ikkje minst har vi trong for å utvikle eit norsk fagspråk innanfor alle delar av produksjonen og vitskapane. Nettopp det vil vere heilt naudsynt, og til mektig hjelp, når det norske folket sjølv skal byggje eit næringsliv som er løyst frå imperialistisk binding, og når vi i hovud-sak må berge oss sjølve med teknologi. Skal det store strevande folket få høve til å setje inn all si skaparkraft, alt sitt gode vit, treng det norsk mål. I kampen for å byggje ein sterkt sosialistisk næringsliv, og i kampen for å omskape overbygnaden, kan det bli naudsynt å setje i gang store måldyrkingsrørsler. Med hjelp av dei kan folk flest vere med å skaffe fram kunnskap om kva tilfang som finst i dei ulike dialektane, kva slags nemningar som kan takast ut frå t.d. førkapitalistisk produksjon (den gamle reiskapskulturen) og førast over som nemningar på avansert teknologi. På denne måten kan vi gjere det norske målet til ein betre og betre tenar for alle omkverve av det sosiale livet under sosialismen i Noreg. Kimer til eit slikt måldyrkingsarbeid ser vi alt i dag. Kommunistane må gå i brodden for å bruke norsk mål i alt sitt daglege arbeid, prøve å skape eit norsk politisk språk og eit norsk vitskapleg fagspråk.

## **MÅLREISING OG KAMPEN FOR SOSIALISMEN**

Det har tidlegare vore sagt at arbeidarklassen må gå i brodden for å reise norsk mål til det har vunne alle rettar som målet åt den norske nasjonen. I den kampen vil arbeidarklassen få fylgje av stormengda av småborgarskapet og av ein del utbytтарar. Det denne fronten har å gjere er å setje igjennom eit nasjonalt og demokratisk krav. Kravet vart forma i den borgarlege revolusjonen, og det er av eit slikt slag at borgarskapet godt kunne ha vore med å fremja det, dersom dei historiske vilkåra for den borgarlege revolusjonen i Noreg hadde vore litt annleis.

Denne spesielle stillinga som det norske borgarskapet har hatt i høve til nasjonalmålet, er og ein av grunnane til at norsken truleg ikkje kjem til å bli eit samlande mål for alle klassar under kapitalismen. Målreisinga blir ein langvarig kamp, og kapitalismen har ikkje så mange levedagar att her til lands. Borgarskapet er alt for mykje knytt til norsk-dansken (sjå ovanfor!) til at det vil gje tap medan det enno har statsmakta. Med hjelp av diktaturet sitt er det til dømes i stand til å setje tilbakeliggjande

grupper i folket opp imot målstrevet. Vi treng truleg statsmakta før vi kan få norsken innover alt i den sosiale praksisen til det norske folket, før det å ta vare på, vyrdsle og utvikle det norske språket kan bli ei vedteken statleg oppgåve. Fyrst under proletardiktaturet kjem norsken til å bli det offisielle målet for alle nordmenn. Å måtte lære seg norsk, trur eg må bli eitt av dei små ubehag (ved sida av oreigning o.dl.) som dei falne monopolborgarane kjem til leve med.

Det er lite truleg at målreisinga kan vinne fram med kravet sitt før under arbeiderveldet. Men det må for all del ikkje få oss til å ramle ut i den trotskistiske villfaringa at "kåri for folkelege kulturformer tendensielt (blir) verre og verre." Kampen for norsken under kapitalismen er sjølvstøtt defensiv, men slett ikkje berre det. Korleis kan ein om så var, forklare den framgangen som målrørsla til tider faktisk har hatt? At stoda, særleg etter siste verdskrigen, har sett mørk ut, er rett. Det må langt på veg tilskrivast at arbeidarklassen ikkje har blitt den aktive og leiande kraft i målreisinga som han kunne ha blitt, dersom ikkje den borgarlege linja til sosialdemokratiet hadde kome i vegen. Det er ingen grunn til å tru at arbeidarklassen ikkje kan bli ei slik kraft, i fall ei rett linje får høve til å kome i plassen for ei galen. At så skjer, skil seg fyrst og fremst på om kommunistpartiet går i brodden. KKP seier det slik: "Når partilinja er rett, har vi alt. Manglar vi mannskap, kjem vi til å få. Manglar vi våpen, kan vi skaffe oss. Får vi ikkje statsmakta, kan vi ta ho. Dersom linja ikkje er rett, kjem vi til å misse det vi alt har."

Det er mogleg for målrørsla å gjere offensive framstøytar under kapitalismen, og å vinne sigrar. Det er ikkje nokon absolutt konflikt mellom offensive framstøytar og den naudsynlege forsvarsstriden for å halde oppe nynorske skulekrinsar. Som i all krig er det både einskap og motseiing mellom åtak og forsvar. Det er avgjerande for utfallet om ein forsvarer stillingane når det trengst, og om ein går til åtak når vilkåra ligg til rette for det.

Særleg viktig vil t.d. dialekt-reisinga bli i så måte, for ho brøyter veg for nynorsken inn i område der han lite har vunne fram før. Det ville og vere ein slik offensiv framstøyt å føre mål-striden inn i fagrørsla. Begge delar vil skape auka skjøn og sympati for norsken i dei delane av fo]ket der medvitet har vore heller lågt i dette stykket før.

Allment større interesse og skjøn for målsaka vil vere til bate for den defensive skulemålsstriden. I neste omgang vil sikkert slik nytenking gje grunnlaget for freistnader på å få innført nynorsk på stader der det aldri før har yore påtenkt. På hi sida treng vi sårt om å ha det grunnfestet som dei gamle nynorskommråda er, om det norske målet ikkje skal kome av skriftleg kultur medan vi kjempar for «allment skjøn» andre kantar.

On målorganisasjonane skal greie den infløkte kampen som ventar dei (meistre både åtak og forsvar, arbeid i bygder og byar, arbeid for norsk talemål og skriftmål), treng dei å utviklast til meir av kamporganisasjonar enn dei er dag. Det inneber ikkje at dei skal ha noko meir "krevjande", meir allment politisk program. Det inneber fyrst og fremst at dei må ha eit klart program og at dei ikkje skyr open strid, open konfrontasjon med fienden. Riksmålsreaksjonen vil sjølvstøtt med stønad frå alle mørkemakter prøve seg att med opne overfall. Og dei driv sitt jamne daglege undergravingsarbeid. Det er viktig at målrørsla ikkje steller seg slik, medvite eller umedvite, at ho ikkje dreg over seg hets og vondord frå den kanten. At fienden går til åtak på oss, er ein god ting, ikkje ein dårleg ting. Dess villare åtaka er, dess meir har vi oppnådd i arbeidet vårt.

### **KVA KREV MÅLREISINGA AV AKP(m-l)?**

Kommunistpartiet må gå fremst kampen for norske mål. Vi må vedta ei langsiktig linje for målreising som går ut på å fa norsken innsett som einaste riksmål landet. I dag stiller målreisinga kommunistpartiet andsynes særleg desse oppgåvene:



1) Vi ma gjere ein medviten innsats for å få norsken inn i vår eiga presse, våre eigne flygeskrifter og bøker og vårt skriftlege vedskifte i partiet og med folk utanfor. Likeeins må vi telje folk som skriv i den progressive pressa elles, til å bruke norsk. På denne måten kan vi vinne den lengstkomne tredjeparten for målsaka, og ikkje minst vil folk venje seg til å sjå nynorsk på prent. I denne Samanhengen må vi hugse på at vi er normgjevarar. Forma vi gjev parolane våre t.d. vil fa konsekvensar for målføringa til folk, må vi rekne med. Tenk berre på paroler. "styrk fagbevegelsens kampkraft"! Etter kvart som han blir innarbeidd, får større stønad, vil vi oftare sjå han i skrift og høyre han framsagd - nettopp i den forma. Dette trass i at han bryt med norsk syntaks. Om vi derimot med ein gong hadde sagt "styrk kampkrafta til fagrørsla", ville ein slik fastfrosen formular som ei parole er, ha hjelpt med å halde den norske syntaksen fast.

2) Ansvarer for å ta opp kampen for norsk i fagrørsla kviler på oss framom nokon. Det gjeld å gå i brodden for å snakke målføre. I fagrørsla finn vi ofte ein særleg kronglete og danskleta skrivestil som vi må vere dei fyrste til å prøve å bryte med. Det gjer vi med å ta i bruk det norske skriftmålet. Vi må syte for å få ledd ut dei som seier at "arbeidsfolk led ikkje det som er skrive på nynorsk".

3) I skuleverket må vi gå fremst for a verne nynorsk skulemål, styrke norskopplæringa og kjempe for norsk fagmål. Det siste gjeld særleg på yrkesskular, universitet og høgskular. Såleis skaper vi skjøn for at pågangen frå anglo-amerikansk kan og må møtast.

4) Ikkje minst må vi gjere alt vi kan for å kveikje opp under og utvikle "dialektrørsla" som i dag gror fram meir eller mindre u-styrd framfor augo våre. Vi må få fleire til å seie "ikkje trakk på dialekten vår", og vi må få dei som seier det, til og å skjønne at dei som trakkar på dialektane våre trakkar på det norske målet. Det er dette perspektivet dialektrørsla må sjåast i om ho ikkje skal dette i hop som ein sekk etter nokre år, slik Østlandsk Reisning gjorde. Om motseiinga mellom norsk og dansk er grunnmotseiinga i den norske målstoda, er truleg motseiinga mellom norsk-dansken og dei norske målføra (talemålet) hovudmotseiinga i dag. Det er den motseiinga folk flest til dagleg får kjenne på kroppen.

### **MÅLREJSINGA ER MED PÅ Å FREMJE SOSIALISMEN**

Kampen for å verne om og reise norsk mål vil ta mange former og kjem til å gå for seg på mange avsnitt. On han meir og meir blir ført av ei masserørsla, vil målreisinga kunne vinne viktige einskildsigrar i åra som kjem. Vi vil kunne stanse tilbakegangen for norsk mål. Men ei slik masserørsla vil ogso vere ei objektiv kraft i den norske revolusjonen. ho vil vere ein av dei mange bekkene som flyt saman med krav om eit anna tilstand, som gjer det stødt vanskelegare for monopolborgarskapet å halde fram som før, og som lærer stadig nye menneske om dei sanne draga til borgardiktaturet vi er underlagde. Mange målfolk vil etter kvart sjå heilt klart at vi treng proletardiktaturet og sosialismen for at målrørsla skal vinne varige sigrar. Men skal målrørsla bli ei slik kraft, må vi passe på to ting. For det fyrste må proletariatet, og arbeidarpartiet, meir og meir bli leiande i den store målfronten. Den proletære linja lyt kjempast igjennom. For det andre må vi arbeide ut frå at målfolka høyrer heime i fleire klassar og sosialgrupper, og at alle desse må sameinast best råd på eit breitt målpolitisk program. Å gjere målrørsla til eit partipolitisk vedheng er ei døds-linje. Vi vil såleis kunne stå samla i kampen, samstundes som det vil finnast motseiingar og kamp om linjene innerter. Det vil sjølvstøtt og skilje seg ut ein venstrefløy, ein midtfløy og ein høgrefløy. Målet for venstrefløyen (med hjelp av midtkreftene) må vere å gje Noregs Mållag og Norsk Målungdom til meir av kamporganisasjonar, trass i at høgrefløyen heilt sikkert kjem til å setje seg imot det, men utan at dei forlet fronten.

### **BREI KAMPFØR FRONT MED PROLETARIATET I LEIINGA**

I brodden for den norske arbeidarklassen må arbeidarpartiet, AKP(m-l), djervt velje den revolusjonære linja for norsk målreising. Den proletære revolusjonen må gjennomføre den oppgåva den borgarlege revolusjonen sette opp, men ikkje fullførte: Full oppreising for det norske målet!

#### **TILLEGG SKRIVE I NOVEMBER 1974**

Av det som er sagt i artikkelen går det fram at to motsette linjer har kjempa om overtaket i den norske målstriden. Dei kan ha ovra seg i ymse former, men kan likevel dragast saman slik: På den eine sida ei retning som har vilja fremje det norske målet slik det låg føre i dialektane og som ville at skriftmålet skulle byggjast på dei, ubunde av inntrengjarmålet. Den andre retninga har på ein eller annan måte gjeve plass for bokmålet (norsk-dansken) i strategien sin, og såleis har ho i ei eller anna form vilja gje heimstadrett for inntrengjarmålet i landet vårt. Til den siste retninga høyrer t.d. også sosialdemokratane Halvdan Koht og Berge Furre, som eg har vist. Det er desse to linjene som har ovra seg i den teoretiske striden i norsk målvitenskap. Og den politiske striden har krinsa om strategiar som på ymse vis har teke utgangspunkt i ei av desse hovudstemnene.

Eg har meint at det var viktig å få fram nett denne motseiinga, for her går nemleg skiljet mellom ei grunnleggjande rett og ei grunnleggjande galen linje. Den veggen Ivar Aasen valde, er den rette. Den grunnar seg på den norske målvitenskapen, og han er djupast sett i samsvar med interessene til det norske folket. At Ivar Aasen var ein småborgar, og at han berre hadde den borgarlege vitenskapen å berge seg med (det gjeld og dei som arven opp etter han, mellom mange andre Gustav Indrebø), skal ikkje gjere oss hovudgalne. Det er ikkje slik at dei teoriane som borgarskapet utvikla før proletariatet tok til å hevde seg på det teoretiske området, er 100% uvitenskaplege, og "ideologiske", slik t.d. revisjonisten Althusser meiner. Den norske målgranskingstradisjonen som Ivar Aasen grunnla (som forresten også folk som P.A. Munch må reknast til), har vårt sterke vitenskaplege element i seg. Dette fyrst og fremst takk vere konkret analyse av konkrete norske mål-tilhøve. Dette er den sterke sida. Den veike sida har vore at denne tradisjonen sjølv sagt ikkje har kunne nyte godt av nokon allmenn materialistisk teori om språket, slik berre marxismen kan ale fram. Men det som framfor alt har hindra dei vitenskaplege elementa i Aasen-tradisjonen i norsk målgransking, er at dei til dessar ikkje har vorte tekne opp av den proletære masserørsla, vorte reinska for dei metafysiske elementa som har fylgt med på lasset, og odla sterkare.

#### **ANTI-SAMNORSK-FLØYEN I NOREGS MÅLLAG FØR KRIGEN**

Linja å reise norsk på sjølvstendig grunnlag mot det tillempa inntrengjarmålet har vore ei berande kraft i målrørsla heilt sidan Ivar Aasen. Ho hadde prinsippfaste talsmenn som stridde konsekvent for å halde fast skiljet mellom norsk og norsk-dansk (tillempa dansk). Dei agiterte friskt for norsk mål. Dei gjorde eit godt arbeid med å odle eit ledig og brukande norsk skriftmål, som litteraturmål, som vitenskapsmål og avismål. På mange måtar gjorde dei eit gjennombrot i det å få verkeleg levande ordlag og seiemåtar frå talemålet inn i skriftmålet, dei gjorde alvor av å gå til målføra for å hente fram tilfang til å gjere skriftmålet rikare med. Målføringa deira er ofte munnleg og velsigna fri for intellektualistisk tilgjerdsløse (jfr. visse "folkemåls"-profetar i dag!). Dei reiste ein heilt rett motstand mot sam-"norsk"-strevet og hovud-tanken bak 1938-reforma fordi dei såg at Koht-folka fyrst og fremst var ute etter skriftmålsendingar som kunne føre bokmål og nynorsk i hop og at folkemålsagitasjonen langt på veg var sosial demagogi. Ikkje minst må det nemnast at mange av dei la svært stor vekt på nettopp dialektane i målpropagandaen. Hos Gustav Indrebø t.d. finn vi att svært mykje av den vyrnaden for dialektane som marxist-leninistane har vore førande i å kjempe fram i seinare år (jamvel om her og er snakk om vidareutvikling). I tråd med dette standpunktet, og som ei fylgd av det, la dei vekt på at dialektane laut ha eit samla uttrykk i skrift, ein skriftnormal bygd etter

mønsterformprinsippet (eller "typeformprinsippet" som Indrebø seinare ville kalle det). Fleire av dei la ned mykje godt arbeid i å få fram vitskapleg materiale om norske målføre.

Med dette har eg nemnt nokre gode sider hos ein del av dei folka som sto på anti-samnorsk-linja før krigen. Så spørst det om det ikkje er teikna eit for vakkert bilete av denne fylkingen. Og det er det opplagt, fordi det er einsidig. Heile karakteristikken gjeld for det fyrste truleg heller få folk, i alle fall om vi ser på toppfolka i målørsla. Kanskje ikkje så mange fleire enn Gustav Indrebø og Torleiv Hannaas. Og endå til dei beste var ikkje stødt så klare at det gjorde noko. For det andre er så at nokre av leiarane av denne fløyen var svarte reaksjonære både allment og i språkpolitikken særskilt. Også her var det slik at ein god tendens dekte ein dårleg (eller kanskje heller omvendt: det var den gode sida som var dekt av hi!). Det var ikkje fritt for at det fanst folk som hyste godhug for Fædrelandslaget, som spela ei aktiv reaksjonær rolle i Grønlands-saka, som stod for reaksjonær kulturpolitikk og som sjølvsagt hata og vanvyrde arbeidarklassen. Det er då snakk om reint borgarlege politikarar dette!

At den norske målreisingstanken vart berga frå undergang nett i dette noko "samansette" miljøet, må ha verka inn på den forma han overlevde i. Den rette linja var på alle måtar meinka av dei veikskapane jamvel dei beste av desse folka hadde. Dei var lite innstilte på å nå ut til folk flest med målreisingsideen. Dei skjøna ikkje (som dei borgarane dei var) at det berre var arbeidarklassen som kunne vinne siger for målreisinga, og dei brydde seg ikkje med å agitere andsynes arbeidarklassen. For dei var det storborgarane som driv verdshistoria, ikkje folket. Fiendskapen og vanvyrnaden andsynes folket var prega med borgarleg intellektualisme. Berre dei fekk drive målgransking og måldyrking, og gjere skriftmålet så "vakkert" og "fullkome" som dei berre kunne, fekk det no gå som det ville med folk flest. Det var ikkje så at dei tok utgangspunkt i den interessa arbeidarklassen og folket har av å vinne respekt for sitt norske talemål og for skriftmålet som byggjer på det. Dei dyrka målet for å kunne nyte det i einerom, skilt frå den "vålande hopen". Og når sume av dei tala for å reise det norske nasjonalmålet, var det med metafysiske, borgarleg-nasjonalistiske (=sjåvinistisk) argument. Dessutan finn vi og mellom desse målfolka (til liks med Koht-folka) mykje ovtru om kva sjølve forma på skriftnormalen har å seie. Begge leirane undervurderte sterkt striden, massemobiliseringa for målet. Derimot hadde dei eit mystisk føresviv om at folk ville kome til nynorsken berre han var "fylgjestreng" nok eller "folkeleg" nok (Koht). Det tydlegaste døme på denne tankegangen finn vi mellom dei siste rotnande restane av den intellektualistiske og sjåvinistiske stemneleia som overvintra i Vestlandske Mållag. Der hevdar dei den dag i dag at nynorsken gjekk til atters etter krigen på grunn av 1938-rettskrivinga, og same kan det vere, for det er no likevel ikkje den "rette" ny-norsken som går til atters! Ein god del av leiarane i Noregs Mållag gjekk i grava utan at arbeidarklassen trong felle så mykje som ei tåre for den skuld. Men vi skal ikkje gløyme dialektikken. Anti-samnorsk-folka bar med seg eit av grunnelementa i norsk målreising: norsken må stå på egne bein. Røkjer vi etter kva slags mål storparten av folket i Noreg snakkar, ser vi at her er tevling mellom to nasjonalspråk i landet med viktige systematiske skilnader. At dette gullkornet må leitast fram i ein møkahaug, er noko anna. Det er likevel ei vitskapleg sanning som arbeidarklassen må ta vare på når han skal forme ut ei linje for målreisinga. Det proletariatet har å gjere er å reinske denne sunne kjernen for skal, luke bort alt ugras, all sjåvinisme, sekterisme og falsk romantikk.

## LITT OM NASJONALE KRAV OG ALLIANSAR

Mange opportunistar reiser bust så snart dei hyrer ord som "nasjonal", "nasjonale krav", "nasjonalspråk" osb. Dei som snakkar i positive ord og vendingar om slike ord og; omgrep, blir straks utpeikte som reaksjonære nasjonalistar. Dette er eit umåteleg farleg og tvert igjennom rote straumdrag som ovrar seg som ein mot-tendens i den progressive rørsle. I den imperialistiske tid-bolken, og særleg med Noreg i den stillinga landet er i mellom slevande supermakter og andre

imperialistar, kan det berre vere imperialismen og sosialimperialismen som kan ha glede av at det nasjonale medvitet blir sløva. Opportunistane gjer den lagnadstunge feilen å blande ihop progressiv proletær nasjonal politikk med borgarleg nasjonalisme, med sjåvinisme. Vi kommunistar stiller alltid spørsmålet om klassehåtten i eit nasjonalt krav når vi tek stilling til det. Vi spør: kva for ein klasseallianse har interesse av å fylke seg til nasjonal rørsle? Bruker vi klasseanalysen som metode, gjer vi ikkje den feilen å stille oss sekterisk avvisande til progressive nasjonale rørsler og krav. Vi hamnar heller ikkje i garnet til reaksjonære borgarlege demagogar som spelar på nasjonale strengar.

På den 19. kongressen til SUKP(b) i 1952 sa Stalin m.a.: "Før var borgarskapet rekna som leiaren for nasjonen. Det heldt oppe rettane og sjølvstendet åt nasjonane, sette slikt "framom alt anna". No finst det ikkje ein flekk att av det nasjonale prinsippet. No vil borgarskapet selje dei nasjonale rettane og sjølvstendet for dollars i byte. Det har kasta banneret for nasjonalt sjølvstende og nasjonal sjølvråderett over bord. Utan tvil har det falle på dykk, talsmenn for kommunistiske og demokratiske parti, å lyfte det opp og bere det framover, dersom de ynskjer å bli patriotar for landet dykkar, dersom de ynskjer å bli leiarane for nasjonane. Det finst ingen andre som vil lyfte det." Dette er heilt rett oppsummert av det skiftet i tilhøvet til nasjonen og dei nasjonale krava som har skjedd i den imperialistiske tidbolken. I dette synet har Stalin fått varm stønad av andre leiande leninistar. Mao Tse-Tung snakkar om at "gode patriotiske handlingar" er tillempling av internasjonalismen i Kina. Og: "Det særlege innhaldet i patriotismen er det historiske vilkår som avgjer." (Kinas Kommunistiske partis rolle i den nasjonale krigen. 1938).

Likeeins seier Enver Hoxha at "sidan arbeidarklassen er den mest revolusjonære samfunnsklassen, kan og må han stille seg i fremste rekkja og ta leiinga ikkje berre i striden for sosialismen, men og i striden for demokrati og nasjonalt sjølvstende." (Melding til landsmøtet i Arbeidarpartiet i Albania. 1971). (alle tre omsetjingane er sjøll-laga.) Ut frå dette er det sjølvtsagt rett for arbeidarklassen å gå i allianse med folk som fører fram rette nasjonale og demokratiske krav. Gustav Indrebø hørte opplagt til den beste luten av dei målstrevarane som gjekk imot samnorsk- og tilnæringslinja. Kravet om oppreising for norsk mål var eit objektivt rett krav, fordi det samsvarer med interessene til arbeidarklassen og det store fleirtalet i Noreg. Hos Gustav Indrebø og finn vi element av metafysisk og borgarleg-nasjonalistisk argumentasjon for kravet. Men samstundes seier han greitt i frå om at nasjonalmålet må reisast fordi det er det målet folk flest snakkar og fordi det er folk flest som er tente med å få norsken oppreist (jfr. sitatet på framsida!). Denne grunngeving er eit brukande svar på det spørsmålet kommunistane alltid stiller: kven for ? Til skilnad for ymse andre målhøvdningar var Indrebø ikkje fiendsleg innstilt til arbeidarklassen. Tvert om: han kom denne klassen så langt til møtes som vi nesten kan vente av ein liberal borgar. Men han kom venteleg ikkje lenger enn at proletariatet var ein "lidande" klasse, ikkje den leiande klassen (men det har no forresten ikkje SF med sitt "sosialistiske" utgangspunkt heller gjort). (Les brosjyren "Målsaki frå sosial synsstad" av Gustav Indrebø!)

## **HOVUDFAREN**

Vi har sett litt på dei ulike borgarlege stemneleiene i målrørsla. Vi har lært at vi må døme dei etter korleis dei tok stilling til den grunnleggjande motseiinga i det norske målproblemet, sjå etter om dei bar fram linjer som i hovudsak var galne eller rette. Vi må skilje denne omdøminga i nokon mon frå kva slag politisk syn og verdsåskoding dei elles representerte. Samnorsk-linja var eit feilspor. Ho var avla beinvegs av sosial-demokratisk klassesamarbeidspolitik allment og innebar knefall for inntrengjarmålet. Ho førte målreisinga ut i stort uføre etter krigen, meinka målkampen i heile etterkrigstida og er framleis eit stort trugsmål for målrørsla. Ser vi på heile den vaknande målfronten under eitt, er kanskje nett denne linja hovud-trugsmålet i dag. Ho er ei klar høgrelinje. Men sidan ho stundom blir framboren i "venstre"-form, innpakka i "sosialistisk" demagogi, kan ho vere noko

vanskelegare å avsløre enn den meir ope reaksjonære (men ikkje meir reaksjonære) intellektualistiske og sjåvinistiske sekteristlinja.

### **PROLETÆR SJØLVANSAKING**

Som det tidligare er sagt: Det var det at ei galen hovudlinje vann fram i arbeidarrørsla, som gjorde at arbeidarklassen ikkje vart ei nemnande kraft i norsk målreising. Derfor er det overlag viktig å leggje vekt på striden mellom dei to politiske linjene i målsprøsmålet. Oppportunistane seier: "rørsla er alt, målet er ingenting". Kommunistane seier at det ikkje er nok å flytte beina, dei må flyttast i rett lei. Det er såleis opportuniste å gjere knefall for den fyrste og beste spontane ideen som kjem fram om språkspørsmål - endå mellom arbeidsfolk. Det er borgarskapen som har dominert (om ikkje hatt hegemoni) i propagandaen om desse sakene i arbeidarklassen (jfr. sosialdemokratiet). Der har aldri vore noko proletært senter i norsk målreisingssoge. Noko slikt held på å vekse fram no, i og ikring AKP(m-l). Striden for ein rett kurs må derfor takast, og grundig og samvitsfullt. Og vi treng både eldhug og stort tolmod i det arbeidet.

Proletariatet er nøydd til å summere opp dei stridane som har vore førte om linja for målreisinga før. I samband med det er det verdt å nemne at arbeidarklassen må ta på seg ansvaret for sine historiske feil og manglar. Summe har lagt fælt stor vekt på at målrørsla ikkje har makta å trekkje til seg arbeidarar i nemnande grad, og har lurt mykje på kva gale som vart gjort frå målrørsla si side. Eg meiner det er å leggje tyngdepunktet i den historiske oppsummeringa på feil plass. For det fyrste har ikkje proletariatet andre enn seg sjølv å leggje ansvaret på. Det kan ikkje hyse voner om borgarskapet eller småborgarskapet skal kome til hjelp og leggje ei rett proletær linje på bordet. Det må granske sine eigne veikskapar politiske, teoretiske og historiske mistak i lys av konkrete historiske vilkår. For det andre var det "arbeidarrørsla" som var på offensiven i høve til målrørsla i tju- og trettiåra, ikkje motsett. Var det ikkje slik at den sosialdemokratiske avsporinga vann fram i målrørsla ? Atter vert spørsmålet om linja avgjerande.

Kvifor kom ikkje arbeidarklassen betre i veg med målreisinga ? Dette viktige spørsmålet kan vi knapt gje noko fullgodt svar på no. Men eg trur eg veit kvar vi kan finne eit svar: i Noregs Kommunistiske Parti. Dette partiet vart etter 1923 det røynglege proletære hovudkvarteret i Noreg. Det utvikla ei rad med gode eigenskapar og vart ei opplagt leiande kraft i mange av dei kampane arbeidarklassen førte i mellomkrigstida. Det var den einaste von arbeidsfolk kunne ha, svikne som dei var av det heilt borgarlege og plukkrotne DNA. Men: NKP greidde vel knapt å vekse til eit verkeleg bolsjevikparti av det slaget Lenin og Stalin smidde i Sovjet. Det leid av mange sekteriske feilar (t.d. i det nasjonale spørsmålet). Det var dårleg skult i marxismen-leninismen og lite sjølvstendig. Og det vart aldri skikkeleg ført til å gje allsidig leiing åt proletariatet og dei arbeidande massane. Målsprøsmålet var eit slikt område partiet aldri makta å ta hand om. I praksis kom det mykje godt til å dilte i rova til DNA i dette spørsmålet, og kunne vel stundom vere vel så ille (jfr. NKP-representanten som røysta imot mål-jamstillingsvedtaket i Stortinget i 1930 ut frå omsynet til arbeidarklassen!).

I dei stridane arbeidarklassen fører i dag - i den økonomiske kampen, i imperialismen, i striden for sosialismen - er det eit hovudspørsmål å rette kvasse åtak på alle ovringar av sosial-demokratiske politiske linjer, sosialdemokratisk tenking, enten det no er i høgre- eller venstre-avbrigde. Dei politiske retningane som både DNA og SV representerer, må gjerast til mindretals-retningar i arbeidarrørsla, og til slutt tynast heilt. Kommunistane må føre ein langvarig og intens kamp for å få arbeidarklassen til å bryte prinsipielt og endeleg med sosialdemokratiet, den borgarlege røysta i arbeidarrørsla. Knefall for sosialdemokratiet er knefall for fienden. Dette gjeld på alle dei omkverve der klassen står i kamp, såleis og i målstriden. Den som i dag umakar seg med å kome dragande med høgresosialdemokraten Halvdan Koht, spring ærendet til monopolkapitalen og målber ikkje

interessene til arbeidarklassen i målspørsmålet. Det er himmel-ropande gale å snakke om "borgaren" Indrebø og "sosialisten" Koht. Dei var borgarar begge, den sistnemnde i kvassare motsetning til arbeidarklassen enn hin. La det bli sagt endeleg farvel til borgarlege politikarar i raud frakk som Koht, Tranmæl.og Nygårdsvold og andre tjon! x)

-35- x) Tjon. skadegjerande dyr og menneske, godt brukande om arge sosialdemokratar (eit "høgnorsk" skjellsord frå smaua i Bergen; jfr. tyne).